



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tord Bakke, 5557 2377

Vår dato
25.04.2014
Dykkar dato
19.03.2014

Vår referanse
2014/3794 421.3
Dykkar referanse

Kvinnherad kommune
Rådhuset
5470 Rosendal

Uttale til oppstart og offentleg ettersyn av planprogram for arealdelen til kommuneplanen - 2014-2018 - Kvinnherad

Vi viser til brev frå kommunen datert 19.03.2014 med offentleg ettersyn av planprogram til arealdelen av kommuneplanen.

Fylkesmannen meiner det er eit nødvendig og godt tiltak å no få samla dei ulike
kommunedelplanane i ein felles kommuneplan.

For å kome i mål med arbeidet har kommunen valt å leggje vekt på å samordne dei eksisterande kommunedelplanane og i mindre grad ta inn nye område. Unnataket er for område kor store samfunnsmessige interesser taler for det. Fylkesmannen meiner dette er ei ressursmessig fornuftig avgrensing. Det er viktig å få eksisterande føresegner og arealføremål inn i ein felles mal slik at planhandsaming vert mest mogeleg samstemt i kommunen. Til dømes gjelde dette naustområda i kommunedelplan for Mauranger som i lengre tid har vore utan rettsverknad. Fylkesmannen vil rá til at når ein opnar for innspel av samfunnsmessig stor interesse, bør det vere presisert noko nærrare kva ein legg i dette for å skape meir føreseielege rammer for planprosessen og unngå innspel i strid med intensjonane.

Vi meiner kommunen legg opp til gode plangrep når ein vel å fokusere på senterstrukturen og då særleg Husnes - Sunde – Valen området. Vidare støtter vi vurderinga om å ta opp til ny vurdering eldre, eksisterande byggeområde som ikkje har vorte realisert. Det same gjeld eventuelle revisjonar av eldre reguleringsplanar i høve til utnyttingsgrad og liknande. Kommuneplanen vil gjelde føre eldre reguleringsplanar ved konflikt mellom desse, med mindre anna er eksplisitt slege fast i føreseggnene. Vi vil likevel peike på at det er spesielt viktig å leggje vekt på omsynet til barn og unge sine interesser ved fortetting i allereie utbygde område.

Fylkesmannen stiller seg bak tiltaket med å reduserte talet på dispensasjonar gjennom kommuneplanarbeidet og viser her til brev frå Fylkesmannen til kommunane av 22.02.2013 om korleis unngå dispensasjonar i LNF-områda. Vi ber kommunen legge stor vekt på jordvernet når ein legg opp til å fremje tilleggsnæring på gardane.

Fylkesmannen merker seg at det ikkje er teke endeleg stilling til handsaming av strandsona i høve til om innkomne innspel i samband med den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordland skal handsamast som ledd i kommuneplanprosessen eller som eigen prosess. Vi

ser at det kan verte utfordringar med parallellkjøring mellom desse planprosessane, men vår vurdering er at det vil vere føremålstenleg om mest mogleg av elementa frå det interkommunale planarbeidet vert innlemma i kommuneplanen og vi vonar at dette også er kommunen si vurdering.

Planprogrammet si skildring av trøng for utgreiingar og forslag til konsekvensutgreiingsprosess synast godt tilfredsstillande på eit overordna nivå. Det er viktig at konsekvensutgreiinga har fokus på forvalting av vassdrag, og det bør vurderast å leggje inn omsynssoner langs vassdraga for å sikre naturkvalitetar og verneverdiar knytt til desse. Vidare må klimatilpassing inngå i tema *Klima og energi*, og sårbare artar må verte vurdert under naturmangfald. Kvinnherad kommune har store oppgåver og utfordringar knytt til forureining og støy. Følgjande tema er difor spesielt aktuelle for konsekvensutgreiing innan dette feltet:

- Forureina grunn på land og i sjø, ureining frå industri og skipsbygging
- Utslepp frå kommunale avlaup til sjø
- Utslepp frå landbruk til viktige vassdrag
- Støy frå vegtrafikk
- Område med forsøpling

Fylkesmannen ønskjer lukke til med kommuneplanprosessen og minner om at vi gjerne stiller på møte med kommunen for tidleg å avklare eventuelle nasjonale eller viktige regionale interesser i planarbeidet.

Else-Kristin Foss Vikenes e.f.
avdelingsdirektør

Arve Meidell
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen